



Saksframlegg

Søknad om driftsmidler for 2026 samt vidareføring av driftsavtale 2026-2029, SMISO Telemark- senter mot incest og seksuelle overgrep

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Søknad om videreføring av driftsavtale 2026-2029, Smiso Telemark - senter mot incest og seksuelle overgrep
- 2 samarbeidsavtale kommuner26-29.docx
- 3 Søknad om tilskot for 2026 til Smiso - Senter mot incest og seksuelle overgrep
- 4 årsrapport 2024.pdf

Bakgrunn for saka:

Søknad frå Senter for incest og seksuelle overgrep i Telemark om driftsmidler for 2026 samt å vidareføre samarbeidsavtala kommunen har med SMISO for perioden 2026-2029.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal ha gode helse og omsorgstilbod

Senter mot incest og seksuelle overgrep sitt formål er todelt. Senteret skal gje støtte til kvinner og menn, og jenter som har opplevd seksuelle overgrep enten som born eller vaksne, og vidare skal senteret bidra til å førebygge overgrep gjennom undervisning.

Senteret tilbyr kompetanseheving og rettleiing til tilsette i kommunane som kan kome i kontakt med innbyggjarar med utfordringar rundt problemstillinga. Senteret tilbyr også undervisningsopplegg for fleire trinn på barne- og ungdomsskule og barnehage som kommunane fritt kan nytte seg av som eit førebyggjande tiltak.

Senteret har eksistert sidan 1997, og er organisert som ein tru og politisk nøytral stiftelse, lokalisert i Skien og Seljord, og brukeranekjem frå heile fylket.

Senterets faglege tilbod er eit lågterskeltilbod som ikkje treng henvisning og er gratis for brukarar av tilbodet.

Konklusjon:

Fyresdal kommune har støtta senteret sidan 2017 og ser at arbeidet som senteret gjer er viktig. Vidare har vi forståelse for at det er ynskjeleg med forutsigbarhet i den kommunale driftstøtta.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune vidarefører samarbeidet med senter for incest og seksuelle overgrep i Telemark ved å inngå vedlagte avtale for perioden 01.01.2026-31.12.2029. I denne perioden vil årleg driftsstøtte vere på kr. 6.- per innbyggjar med indeksregulering kvart år. Det årlege tilskotet vert løyvd frå OKO-utvalet sitt disponible fond.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Anne Veum
	kommunalsjef HO